



Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag

## Uttale til vilkårsrevisjon av Modalen og Steinslandsvassdraget.

Vår ref: 02.22

Stamnes 10.02.22

Hordaland Grunneigar og sjølaskefiskarlag ynskjer å komma med innspel til konsesjonsvilkåra for vidare drift av kraftanlegga i regionen.

Sidan utbyggingane har starta har det medført store konsekvensar for elvane og fjordsystema rundt Osterøy. Området har fire gode lakseelvar som er sterkt påverka av utbyggingane, med den nærliggande Vosso som renn via Bolstadstraumen til Stamnes, Bergsdals vassdraget vart regulert alt i 1928 gjennom Daleelva til utløp på Stanghelle. Evanger kraftverk vart starta med Volo og Teigdalsvassdraget i 1969, og vidare tilført vatn frå Grøndalen, Akjellaldalsvatnet og til slutt Skjerjevatn med Holskar i 1988. Siste utbygginga medførte at det renn betydeleg mindre vatn ned i Eksingedalen gjennom Ekso og mindre til Modalen. Det er sidan tilført vatn til Modalen frå Skjerjevatn. Det har medført at det er tilført mykje meir vatn til Vosso og Daleelva. Alle desse reguleringane i sum har medført at mykje er forandra og belastninga for området er for stor i forhold til kompensierende tiltak. Regulanten tek mykje og gir lite attende. Områda består mykje av små grender som siste åra er prega av fråflytting og verdi tap av eigedommane. Når fisking ikkje er tillate går store verdier tapt både for elveeigarar og for sjøeigedommane. For fleire kommunar i området var elvefiske viktig og ikkje minst det spesielle sjøfiske var stor og gav god inntekt med mange arbeidsplassar. No ligg dette brakk og det er denne uttalen visar kor viktig dette fisket var. Heile Hordaland er påverka av dette og alt sjøfiske er stengt i 1991 og 2008. Ein stor del av årsakene er at oppvekstvilkåra i elvane er sterkt prega av utbyggingane. Det svært viktig med kultivering for å oppretthalde stammene til betre forhold er oppretta. Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag vil her komma med tiltak som må komma med. Dei er basert på lokale innbyggjarar og fiskarar som har god kunnskap om korleis det var før og korleis det er no. Det er store forskjellar som har sjeidd gradvis med utbyggingane, både lokalt og regionalt. Det kan ikkje vera tvil at årsakene er alt som er utført med elvane. Om ein ikkje kjem med konkrete krav ser ein ikkje at fiskestammene klarar seg og kjem opp att på haustbart nivå. Regulanten har siste åra synt at dei er lite villige til å ha strengare vilkår, og dei vil helst auke produksjonen, og fjerne pålegg, noko som vil forverra situasjonen. Det er no me kan retta opp att noko av skadane.

Modalselva var tidlegare år ei viktig lakseførande elv, med ei stor sjøaure stamme. Pga sur nedbør med lav PH og for stor innhald av uorganisk bunde aluminium forsvant fisken gradvis slik at den var omtrent fiske tom på 1980 talet. Den store kraftutbygginga i området har forverra situasjonen og skal ein få ei bærekraftig stamme av laks og sjøaure i elva må det inn nye vilkår for kraft produksjon. I 2014 starta eit re-etableringsprosjekt med kalking og utsett av rogn og smolt frå Voss klekkeri. Dette har hatt ein positiv effekt, men skal det komma noko varig resultat må regulanten påleggast vilkår som gjer at elva totalt sett er levedyktig for fisk.

Hordaland Grunneigar og sjølaksefiskarlag sine krav til regulanten

- **HGSL støttar Modalen kommune sin uttale.** Det er viktig at gjeldande konsesjon vilkår frå 1975 vert vidareført med tilleggs vilkår.
- **HGSL støttar også Modalen elveeigarlag sin krav til regulanten.**
- **Laksetrappa i Modalen må opp graderast slik at den fungerer som pålagt i vilkåra frå konsesjonen gitt i 1975.** Det er ikkje noko hensikt å ha den om det ikkje blir fulgt opp og drive slik at den virkar. Her må pålegg følgast opp av Kommune og fylke. Dersom overvaking visar at regulanten ikkje før pålegga må det utførast tiltak med ein gong. Det må etablerast tilsyn med anlegget i drift slik at vilkåra som er gitt blir utført.
- **Det er viktig at Hellandsfossen får minstevassføring.** Det må vera tilstrekkeleg med vassføring i vandringsperioder slik at smolten kjem seg fort ut av elva og vidare ut fjorden. Den er spesielt utsett i fjordsystema då det pga all utbygging er mindre straum som hjelper til utover. Nedstraums kraftstasjonen må det sikrast jamn tilgang av vatn slik at ein unngår stranding eller tørrlegging av rogn. Det kan ikkje være slik at om kraftstasjonen stoggar, vil elva være tørrlagt.
- **Regulanten må utføre vasskjemisk overvaking iforhold til PH og uorganisk aluminium konsentrasjon.** Feile konsentrasjonar av dette medfører fiskedød spesielt for utvandrande smolt og ikkje levelige forhold i elva.

- **Regulanten må utføre vasskjemisk overvaking av fjordsystema i Modalsfjorden og Osterfjorden.** Her er mykje forandra sidan kraftutbygginga. Terskelfjordar og utforming av desse er sterkt påverka når det gjeld brakkvatn, utskifting og botn forhold. Ei stor tilføring av surt vatn og aluminium har medført ulevelig forhold for laksefisk og andre fiskesortar. Det kan vera ein av grunnane til at brislingen er forsvunne i fjordsystema rundt Osterøy. Den var ei viktig matkjelde til mange fiskesortar og predatorar. Dette går ut over laksesmoltene og ikkje minst sjøauren som har sitt oppvekstområde i fjordsystema. Andre fiskeslag er også råka pga av stor forandring av botn forhold når det er lite utskifting av vatn i fjordane.
- **Regulanten påleggast forskning av kvifor brislingen er forsvunne i fjordsystema.** Det må utførast tiltak slik at den kan etablera seg att. Det var tidlegare ei stor næring med brisling og sildefiske i fjordane. Fleire fiskelag ligg no brakk og inntekter frå dette er borte for grunneigarar og fiskarar.
- **Regulanten må påleggast minstevassføring frå Holskar vatn til Stølsvatnet slik at ein unngår forsurening av Modalsvassdraget.** Holskar vatn vart overført til Evanger kraftverk i konsesjon frå 1966. Tilbakeføring av vatn må vera tilstrekkeleg til at pH i elva er levelig for laks og sjøaure. Dette vatnet hadde stor betydning for pH verdien i Modalsvassdraget for her er kalkforekomstane som no er overført til Evanger. Her ligg noko av dei store årsakene til kollapsen for laksestamma. Etter denne utbygginga minka også sjøfiske som visar at laksestamma ikkje klarte alle negative effektane. For å betre forholdet i elva må det påleggast vidare drift av kalkingsanlegget.
- **Regulanten må påleggast tiltak som betrar temperatur på vatnet i lakseførande strekkning.** Inntak i dam anlegg må modifiserast slik at ein tappar vatn med ein temperatur som er mest mogleg naturleg for årstida. I dag er Modalselva svært kald i sommar halvåret og varmare om vinteren. Dette medfører mindre vekst av ungfisk og naturleg beskyttelse av is er borte. Smoltene må vera lengre i elva før utgang til sjø. Dette medfører at produksjonen i elva er svært redusert. Den sårbare ungfisken er lett bytte for predatorar, skadar og sjukdom.
- **Regulanten pålegges forskning og overvaking for gassovermetting ved utløp frå kraftstasjon.** Dette vil medføre rask fiske død og skadar som er uopprettelege. Ein må kune vise til at dette ikkje skjer eller kan skje i denne elva. Dette temaet er lite forska på og kan vera eit problem.

- **Regulanten må påleggast midler til drift av Voss klekkeri og genbanken i Eidfjord.** Modalselva vart i 2014 med i eit prosjekt med re-etablering av laksetamma. Det er nytta Vossalaks sidan ein rekanr Modalslaksen som utdøydd. Det må vidareførast og produserast 30 000 smolt årleg som skal må gå til å oppretthalde ei laksestamme i Modalen. Det må vidareførast sleping av smolten ut fjorden for å unngå tap i dette området pga lite vatn i utvandringsruta og stor fare for lakselus. Genbanken må tilføra rogn som må settast ut i elva. Denne stamma treng hjelp heilt til det er tilrettelagt leveleg vilkår i elva. Dersom det er kapasitetsproblem må det etablerast eige klekkeri i Modalen.
- **Regulanten må påleggast at ein forskar meir på kva påverknad all kraftutbygginga har for sjøauren.** Denne fiskesorten vert ofte gløymd iforhold til laksen. Her må det tilretteleggast for vedlikehald av stamma og produksjon av auresmolt ved Voss Klekkeri for utsetting til elva har levelege vilkår for sjøaure. Denne stamma var viktig for elva, men også for sjøfiske. Den gav gode fangstal og inntekter for fiskaren, samstundes som det også var eit flott tilbod for allmenn befolkning til å nytta denne til mat.
- **Regulanten må påleggast å avsette midler til drift av elveigarlag og sjølaksefiskarlag.** Når fiske er stengt vil alt som var brukt til dette forsvinna. Det må haldast vedlike fiskeplassar, hytter, bruar, båtar, nøter og laksegiljer. Det er svært viktig at ein tek vare på dette miljøet og kultur arva me har hatt. Det føregjekk eit stort fiske etter laks og sjøaure i fjordsystema utanfor Modalen. Dei har sidan stenging av fiske i 1991 mista si inntekt og ikkje fått noko att. Her har regulanten er viktig rolle då all tilbakegang starta når kraftutbygginga av elvane begynte i vårt område. Ein kan visa til fangstatistikkar der det er samanheng mellom fangst og kor tid dei forskjellige inngrepa vart gjennomført. Det er fleire organisasjonar som held kunnskapen i hevd og prøver å halde dette vedlike medan me ventar på at fisken skal komma attende.
- **Det må etablerast bidrag til båtrute for å hindre at fjorden frys til om vinteren.** Fjordsystema er sterk forandra både sommar og vinter. Eit stort problem er ferskvatn i øvre lag om vinteren. Det medfører at fjordane frys lettare til enn før. Men isen er utrygg då det er stadig forandring i vasstilføresel gjennom året. Det bur framleis folk på plassar utan veg, og deira ferdselveg er forandra opp gjennom åra, og isen er for utrygg til å brukast. Det er også begrensa tilkomst for andre innbyggarar då den frys fortare. Hadde det ikkje vore for båtruta i fjorden hadde den frose heilt att kvar vinter. Det må etablerast tilskot til drift av båtrute frå regulanten då dette er direkte årsak til ulempene.

Kommunane Vaksdal, Bergen, Voss, Modalen Osterøy og Alver som ligg i områder der all kraftutbygginga har medført store inngrep, bør støtta sine felles uttalelsar og ha samtalar før utfallet til NVE kjem. Her må der vera klare krav som regulanten blir nødt til å følge. Kommunane har eit særskilt ansvar for å ta vare på naturen og innbyggerane sine. I dette området har det vore så store utnytingar av naturen at det bør vera rom for å få noko attende.

**No er det vanlege folk sin tur!**

Sjøaure fiska i Osterfjorden vår 2021. Full av lus og i dårleg stand. Luse oppblomstring i fjordsystema pga oppdrettsdrift og for lite tilførsel av ferskvatn pga kraft utbygging.



Lakse fisket var svært viktig for Kommunane og lokalfolket, men vart stengt i sjøen i 1991. Der største grunnen til kollapsen til stammene er all kraftutbyggingane.

Vossalaks teken med not på Stamnes iforbindelse med prøvafiske



Laksenota Skolmen, Vikafjorden, Stamnes.



Frå gammalt av har Gulatingslova omhandla vassrettar. Den slo fast at det var forbudt å lede bort vatn frå vassdrag. Lova vart vidareført i Landslova av 1274 og ytterlegare detaljert i Christian Vs Norske lov frå 1687.

Mvh

Geir Magne Gammersvik

Hordaland grunneigar og sjølaksefiskarlag

Stamnes